

# Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA  
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2024 56. årg.



## "Velkommen hjem" Stort fellesarrangement 11.-15. september.

Side 4-5



Pilegrimar

side 7



Møt Karsten Åsland

side 12



Ny sokneprest i Undheim

side 14



Bankers

side 16

## BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77  
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00  
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne  
 Inngang frå Saronsbrotet  
 heimeside: [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no)  
 post@timekyrkjene.no  
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340  
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222  
 Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919  
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039  
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77  
 Assisterande kyrkjevevjerje:  
 Siri Vik tlf. 906 43 758  
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

## Time

Heimeside: [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)  
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874  
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102  
 Kyrkjelydspegagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872  
 Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland tlf. 401 68 422  
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974  
 Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276  
 Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198  
 Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf. 482 79 806  
 Kyrkjetenar ved gravferd:  
 Sverre Risa tlf. 976 70 284  
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

## Lye forsamlingshus

Heimeside: [www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)

## Bryne

Heimeside: [www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no)  
 Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105  
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708  
 Kyrkjelydspegagog: Tone Vold tlf. 918 81 818  
 Dagleg leiar:  
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080  
 Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850  
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504  
 Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522  
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825  
 Kyrkjelydsutviklar:  
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

## Undheim

Heimeside: [www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)  
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20  
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346  
 Vikarprest Roald Byberg tlf. 400 38 028  
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560  
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157  
 Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd [time.soknerad@timekyrkja.no](mailto:time.soknerad@timekyrkja.no)  
 Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@timekyrkja.no](mailto:bryne.soknerad@timekyrkja.no)  
 Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@timekyrkja.no](mailto:undheim.soknerad@timekyrkja.no)

## Bevares best gjennom bruk

TEKST: YNGVAR NILSEN, SOKNEPREST TIME

Segovia er en by med drøye 55.000 innbyggere i Spania. Den ligger om lag en time med bil nord for Madrid. For 20 år siden fikk jeg muligheten til å besøke denne byen. Det er ikke så mye jeg husker av alle inntrykkene, men den berømte akvedukten har festet seg til hukommelsen. Den er litt av et syn - et underverk av romersk ingeniørkunst! Vannbroen ble bygd i år 109 etter Kristus. I atten hundre år brakte den kjølig vann fra fjellene til en varm og tørst by. Nesten 60 generasjoner drakk av vannet.

Det kunne gått riktig galt for noen generasjoner tilbake. I stedet for å bli bevart gjennom bruk, ville innbyggerne omgjøre vannbroen til en museumsgjenstand. Moderne rør skulle erstatte tilførselen av vann fra fjellene. Resultatet ble at solsteiken fikk sement og stein til å forvitne. De mange århundrene med tjeneste kunne ikke ødelegge, bare det å miste tjenesten.

Kroppene våre bevares best gjennom bruk. Det er stadig behov for at flere stiller villige opp til dugnad og ulike tjenester i menigheten. Det beste rådet vi kan gi hverandre er å ikke stille oss passive, avventende. Vi vokser som enkeltmennesker og som fellesskap ved at vi våger oss utenfor egen komfortsone. Ikke vent med å bli spurt om en tjeneste. Ta gjerne selv initiativ. Gjør som profeten Jesaja. «Jeg sa: Jeg! Send meg!» (Jes 6,8).



Foto: Pexels.com

Framsidedfoto: Thomas Aas Pedersen med TT-koret i bakgrunnen. Foto: Vegard Hansen

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@timekyrkja.no](mailto:helgedagen@timekyrkja.no).

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 30. august

## Min salme

“Fager kveldsol smiler” har følgt meg så lenge eg kan minnast. Bestemor og mor song han for meg på sengekanten då eg var lita, seinare har mannen min og eg sunge han for ungane våre då dei skulle legga seg. For meg er det ein kjent og kjær salme. Han gjer meg trygg, han gjev trøyst, kvile og håp.

Salmen beskriv nydeleg dei kontrastane me har i naturen, med stille og uro. Bekken som brusar og susar i den stille kveld. Kontrast mellom liv og bevegelse i bekken og den kvila me finn hjå Gud. Salmen syner fellesskap med heile Guds skaparverk og nærleik til Han.

“Fager kveldsol smiler” har fleire parallellar til bibelske tekstar.

Kyrkjefader Augustin av Hippo (354-430) har skrive ei bøn som seier: «For du, Herre, har skapt oss til deg, og vårt hjerte er urolig inntil det finner hvile i deg.» Denne bøna og lengten opplever eg “Fager kveldsol smiler” famnar.

Jesus sjølv ropa det ut: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.» Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. Joh.7, 37 ff.

Guds faderarm er kjærleg og open. Matteus 11,28: “Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!” Jesus ber alle som strever og har tunge byrder koma til Han å finna kvile.

I Klagesongane 3, vers 22-26 står det om Gud som nådig, barmhjertig og trufast. »Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgon. Din truskap er stor. Eg seier: Herren er min del, eg set mi von til han. Herren er god mot dei som ventar på han og søker han. Det er godt å vera stille og venta på hjelp frå Herren.«Eg kan setta mi lit til og stille venta på Herren.

Døden vert beskriven som noko ein ikkje treng frykta: «Så mitt hjarta stundar, bankande i barm, til eg eingong blundar i Guds faderarm». Då mor mi døydde så altfor tidleg for ni år sidan, var det naturleg at me song denne salmen i gravferda hennar. Salmen hadde følgt henne heile livet. Salmen uttrykker eit håp om livet etter døden.

Salme 73, vers 23-26 seier også noko av dette: “Men eg blir alltid verande hos deg, du har gripe mi høgre hand. Du leier meg med ditt råd, og sidan tek du imot meg i herlegdom. Kven har eg elles i himmelen? Når eg er hos deg, har eg ikkje glede i noko på jorda. Om kropp og hjarte forgår, er Gud for evig mitt hjartans berg og min del.”

Tone Moseid

## FAGER KVELDSOL SMILER

Fager kveldsol smiler  
over heimen ned,  
jord og himmel kviler  
stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar  
frå det bratte fjell,  
Høyr kor sterkt det susar  
i den stille kveld!

Ingen kveld kan læra  
bekken fred og ro,  
ingi klokke bera  
honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar,  
bankande i barm,  
til eg ein gong blundar  
i Guds faderarm.

*T: August Heinrich Hoffmann von Fallersleben 1837 (Abend wird es wieder)*

*M: Christian Heinrich Rinck*

*N: Peter Hognestad*



## Velkommen hjem, 11.-15. september

På grusbana ved Bryne ungdomsskule blir det stor ståhei i september. Ei heil langhelg med møte, musikk og kjekke aktivitetar. I februar blei det arrangert fellesmøte i Storstova med besøk frå Viggo Klausen. Ei fullsett Storstova fekk med seg ei spennande gudsteneste utanom det vanlege. Me gler oss til ei helg der alle er velkomne til å oppleva leik, latter og få eit møte med Jesus.

### Noko av det som skjer:

- Onsdagen blir det Kor-Kickoff og Tweens-kickoff.
- Torsdagen blir det samling for konfirantar.
- Fredag blir det samling for ungdom.
- Laurdag og søndag blir det aktivitetar og familieforestillingar.

### Kor-Kickoff:

Onsdagen kl 17.00 inviterer me alle songglade barn til Kor-Kickoff i teltet. Aldersgruppe - frå 4 år til og med 4. klasse. Det blir song, leik og me får møta Viggo. Til slutt vert det mat til alle.

**Me treng frivillige vaksne til mange forskjellige oppgåver**, både med rigging og aktivitetar. Meld deg til [jon.torger@time-kyrkja.no](mailto:jon.torger@time-kyrkja.no). Me vil finna ei oppgåve du kan trivast i.



TT-koret. Foto: Privat

**Tweens-kickoff:**

Onsdagen kl 19.00 inviterer me alle tweens til kickoff i teltet. Me får møta Viggo, det blir song av TT-koret, leik og moro. Det blir også info om kva aktivitetar tweensa kan vera med på i dei ulike kyrkjene og bedehusa våre. Til slutt vert det mat til alle. Velkommen!

**Helsing frå Viggo i Velkommen hjem**

Tusen takk for sist til alle dere som kom til Storstova i februar og møtte oss fra Velkommen hjem-teamet! Det var en stor opplevelse for oss, og ikke minst at det kom så mange! Som dere husker fikk dere med dere et kort hjem der dere kunne begynne å skrive ned navn på venner og familie som dere tenker kanskje ikke kjenner Jesus. Tanken med kortet var at dere kunne begynne å be spesielt for dem og be

over hvem dere kan invitere med dere til Velkommen hjem-teltet. Det blir satt opp på grusbanen ved Bryne ungdomsskole i uke 37. Det blir derfor veldig spennende å se hvem som kommer og hva som vil skje!

Til dere som ikke var i Storstova i februar gjelder samme beskjed; Vi gleder oss til å komme til Bryne med Velkommen hjem, og dere er velkomne til å bli med oss gjennom aksjonsdagene sammen med venner og familie som dere har invitert med. Når dere ber for deres venner, så be også for oss! At vi skal være friske og raske og få hjelp til å formidle gledesbudskapet om at Jesus finnes, at han er den han er - og på toppen av alt; han ønsker å bo hjemme hos oss! Be også om godt og laglig vær i uke 37. – Da sees vi! : )



Viggo Klausen. Foto: Privat



Foto: Privat




## SAMEINA OSS

Herre Jesus,  
 rekk ut dine sårmerkte hender  
 og velsigna ditt folk.  
 Sameina oss med deg og  
 med kvarandre  
 i kjærleik.

Side 1207 i Salmeboka

TEKST: ELSE-MARIE BUE



Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.



## NoS nr. 721

## Du har eit liv som er verdt å leva

Bjørn Eidsvåg, presten og songaren frå Sauda, har feira 70 årsdag. Fødselsdagen hans fekk nok mange av oss feira i lag med eit fullsett Oslo Spektrum. Songvener gjennom eit langt liv stilte opp og song i lag med 70- åringen. Bjørn Eidsvåg har skrivne songtekstar heilt frå unge år og fram til i dag. I TV programmet fekk me gløtt inn i bakgrunnen for mykje av det han har forfatta. Livreisa byr på mange slags dagar og kjensler, mørke og lyse. Dette pregar tekstane hans.

I salmeboka finn me fem av hans salmar. "Du har eit liv som er verdt å leve" kom ut på albumet *På bakerste benk* i 1978. Teksten er like aktuell i dag. Me blir stadig minna om at ynskje om å vera perfekt og vellukka skaper problem.

Vidar Christensen skriv dette i Stevnemøte med Salmeboka: I boka *Bjørn - en biografi* skriver Randi Stene: "Bildene som manes fram i tekstene, er fortsatt enkle og tydelige. Fra bakerste benk kritiserer Bjørn kirkens moraliserende holdning til enkeltmennesker.

Denne salmen kan godt leses som et spark til kirkens mest ivrige moralister. "Dine hender treng ikkje ver' reine, Han elsker deg slik som du er." For det er vel nettopp Guds ubetingede kjærlighet som er budskapet i "Den lille bibel"?

1. Du har eit liv som er verdt å leva,  
 same kor mørkt det ser ut,  
 ein kamp som er verd å streva,  
 ein kamp du vil vinna til slutt.  
 Om berre du ser den gáva  
 som Herren vil gjeva til deg.  
 Gjer du det, så har Skaparen lova  
 å leia deg fram på din veg.

2. Den gáva er Kristus åleine.  
 Han er overalt der du fer.  
 Dine hender treng ikkje ver' reine.  
 Han elsker deg slik som du er.  
 Så lat ikkje skatten få liggja,  
 den venaste skatten på jord.  
 Du treng ikkje trygla og tigga,  
 du får han på Herren sitt ord.  
 For så høgt har Gud elska verda,  
 at Han gav oss sin eigen Son,  
 så kvar den som trur skal få leva,  
 og gå inn i Guds heilagdom.



## LANGS KYSTPILEGRIMSLEIA MELLOM EGERSUND KIRKE OG OGNA KYRKJE I ANLEDNING SKAPERVERKETS DAG OG VERDENS MILJØDAG

# PILEGRIMSVANDRING SØNDAG 9. JUNI 2024

### Viktige tidspunkter:

Ankomst tog Egersund 10:05  
 Ord til pilegrimen utenfor Egersund kirke 10:35  
 Avgang Egersund kirke 10:45, avgang Eie 11:07  
 Ankomst Maurholen 12:45  
 Ankomst Hellvik stasjon ca. 13:45  
 Friluftsgudstjeneste på Lunhulen 14:30  
 Avgang Lunhulen 15:30  
 Felles avslutning ved ankomst Ogn kyrkje  
 Første tog til Stavanger går 18:32.  
 Tog til Egersund 18:50

## VI GÅR FOR SKAPER- VERKET

Arr. Egersund menighet  
og Jæren prosti



DEN NORSKE KIRKE

### Pilegrimens syv nøkler:

Langsomhet  
 Frihet  
 Enkelhet  
 Bekymringsløshet  
 Stillhet  
 Deling / fellesskap  
 Åndelighet

## Geit – æ 'kje gale!

Når slutta me eigentleg å eta geit, såkalla "fattigmannsku", i Noreg? Kan henda det var velstanden som gjorde geita mindre attraktiv? Eller at folk ville gløyma smaken av trange tider med seige, utrangerte mjølkegeiter?

TEKST: JON TORGER HETLAND SALTE FOTO: FRODE BJØRSHOL (LISENS: CC BY 2.0 DEED)



Geita er endå mindre kresen til beitet enn sauene. Har du ein gammal hage som har vore forsømt i nokre år, kan du faktisk nå leiga ei geit. Meir effektiv enn ei bensindrivne ryddesag, og ganske mykje meir triveleg!

Den umettelege apetitten på brunost har altså ført til ei norsk geit som skal gje mest mogleg mjølk. Eit slakteklart kje av vanleg norsk melkegeit er på 3,5-9 kilo. Kostnaden med slaktet er det same som for eit gjennomsnittleg 20 kilos lam, så det seier seg sjølv at lønsemda er utfordrande. Låg etterspurnad har altså ført til at 31 000 kje blir avliva like etter fødsel i Noreg, for hannkje gir jo ikkje mjølk! Dette er tal frå 2017,

## GRØN DAG

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD  
FOTO: ASTRID FJELD

Siste laurdagen i april kom, og Han gav oss vêret me ikkje torde håpa på! Takk! Takk og til alle som var med på denne fine samlinga! Her var det song og musikk, handel, kaffi, mat og drøs. Godt å kjenna at me løfta i lag! I år samla me inn 66456 kr til NMS. Fint å kunna dela og vita at våre pengar vert til hjelp for andre.






og sidan den gong har heldigvis etterspurnaden auka. Dessutan er det nokon bønder som prøver seg på geiteraser som er avla fram for å nyttast til kjøtproduksjon. Eg slår eit slag for kje-kjøtt som festmat og spør støtt etter det i butikken! Geit og kje på beite er bra for å halda oppe kulturlandskapa og næringa har god dyrevelferd.

Det er dessutan lite som kan konkurrera med kjeet når det gjeld proteininnhald. 31 gram per 100 gram! Til samanlikning har 100 gram storfekjøtt om lag 22 gram protein. I tillegg er det svært magert.

Enno ikkje overbevist? Kjøttet smakar fantastisk, og er svært saftig. Det er endå mildare enn lammekjøtt. Eg trur det er lettare å lika for dei som ikkje er veldig begeistra for lam.

Kor får du tak i det? Eg har fleire gonger kjøpt det på Mega, dessutan har me REKO-ringar, og Bondens marked.



## Oppskrift fra Øvstebø gård og boergeiter.no: **Marokkansk tagine**

TIL 4 PERSONER

### Ingredienser:

- 1 kg grytekjøtt av kje, eller bog i skiver
- 2-3 løk i skiver
- 1 dl god olivenolje
- 1 hvitløksfedd, finhakket
- 1 ts revet frisk ingefær
- 1 kanelstang
- 2 ts revet sitronskall fra økologisk sitron
- 1 klype safran eller 1/2 ts gurkemeie
- 1 ts allehånde
- 1 laurbærblad salt og pepper

### Saus:

- 5-6 modne tomater, skåret i skiver
- 2 små løk skåret i tynne skiver

### Slik gjør du:

- Sett stekeovnen på 160 grader.
- Finn ei stor gryte med lokk som passer i ovnen og varm oljen godt opp.
- Brun kjøttet først og ta det ut av gryta.
- Stek løken til den er gyllen og lett karamellisert. Tilsett alt krydderet og sitronskall, legg kjøttet tilbake i gryta og hell på vann til det nesten dekker.
- Sett på lokket og sett i ovnen i 2 timer, til kjøttet er mørt. - Juster evt med mer væske underveis hvis vannet fordamper, og smak til med salt og pepper.
- Sausen lager du ved å blanke løken i smør, tilsette tomater og honning og koke godt sammen, til det begynner å karamelliseres.
- Smak sausen til med kraften fra kjøttgryta, evt mer salt og pepper. Server tagine med ris, couscous eller brytebrød.

# Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

## BABYSONG 0-1 ÅR

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbud om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper etter sommaren. Alle som er døypte i år får invitasjon i posten, men alle er velkomne til å melda seg på uavhengig av om ein har fått brev eller ikkje.

### Time

På Lye forsamlingshus har me babysong annankvar onsdag. Me møtest kl 10.30. Etter samlinga et me lunsj i lag.

### Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen

frå kl. 10.30 annankvar onsdag (motsett veke i forhold til Lye og Bryne).

### Bryne

I Brynekyrkja har me babysong oppe i kyrkjesalen. Me møtes annankvar onsdag kl. 10.30. Etter samlinga et me lunsj i lag.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time-kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss, ca 1 gong i månaden, vekedag kan variera. Etter samlinga vert det servert kveldsmat til store og små.

Oppstartsdato etter sommarferien er 18.september kl. 17.00. Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## KRØLLEKVELD

Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjene våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauene som forsvann og om den gode hyrde som leitar etter sauene sin, og borna får sjølve lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund

i kyrkja! Meld deg på i den kyrka, og det tidspunktet som passar best for deg.

### Datoar:

Bryne kyrkje 2. september  
Time kyrkje 3. september  
Undheim kyrkje 4. september  
Invitasjonar vert sende ut.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



### UNDRETUR 2 ÅR

Det året barnet vert 2 år får dei ein invitasjon til å koma på «Undretur i kyrkja». Me har ei lita song-samling, tenner lys og går på ein undretur rundt i kyrkja. Så får me læra om korleis kyrkjeorgelet lager den fine musikken som blir spelt. Alle får med seg kvar sin «songpose» heim. I posen ligg songkort med QR kode til musikk og film av kvar song. Desse er eigenproduserte av oss kyrkjelydspedagoger, og me gler oss masse til å få dela dei ut til alle 2-åringane som kjem. Meld deg på i den kyrka, og det tidspunktet som passar best for deg.



Datoar:

Bryne kyrkje 23. september

Time kyrkje 25. september

Undheim kyrkje 26. september

Invitasjonar vert sende ut.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:

### GRUPPENE VÅRE ER NÅ MELDE INN I SØNDAGSSKOLEN-NORGE

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som gruppene våre inn i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte basert på antal betalende medlemmer i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskolen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskolen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

0 år	Dåp og dåpssamtale
0-1 år	Babysong
1 år	Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
2 år	Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av «songposen min»
3 år	Krøllekveld
4 år	4 års klubb og utdeling av Barnebibel
5 år	Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
5 år	Adventsklubb

Barnefamiljar

Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

1. klasse - Det store påskemysteriet
2. klasse - Superheltsamling
2. klasse - Plan B – aktivitetsdag, felles i Undheim kyrkje
3. klasse - Tårnagethelg
4. klasse - På sporet av Jesus
5. klasse - Tweens-Kick-off
6. klasse - Lys vaken i lag, felles i Bryne kyrkje
- 9 -13 år 9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse - Konfirmasjon

Me ønsker ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.



Helsing frå kyrkjelydspedagogane  
Ragnhild Hanssen  
og Tone Vold



**Snart 92 år, pensjonist i dei siste 32 åra**  
**Har laga 70 modellbåtar**  
**Bygd kyrkjeskipet "Elieser" i Time-kyrkja**  
**Byggjer med berre ei hand**

Siste båt på verkstaden.

## Kvardagsmøte med Karsten Åsland

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Det er ein ivrig mann Helgedagen får møta ein føremiddag i april. Synet sviktar nå, men han har albumar liggjande klare til å visa fram. Og det er ikkje lite denne karen har fått til med berre ei hand i løpet av eit langt liv. Det er høgrehanda han heile livet har måtta greia seg utan, og han er eigentleg høgrehendt!

Arbeidslivet starta hos Nils Underhaug, på Trallefabrikken, og han fekk mange rike år der. Så følgde mange år i forsikringsbransjen - med 40 000 km årleg bak rattet!

I alle år har han drive med

trearbeid ved sida av jobben, og han var ikkje meir enn 14 år då han bygde sin første modellbåt. Mange fine møbelstykke kjem òg frå verkstaden hans heime i kjellaren. Tidleg i modellbåt-karrieren fekk han eit uventa spørsmål frå Husfliden i Stavanger om han kunne byggja ein modell av polarskuta "Fram". Og det kunne han! Båten var ei bestilling frå ein familie i Amerika.

Kyrkjeskipet i Time-kyrkja er frå 2001, og det er ein modell av misjonsskipet "Elieser". 27. februar 1865 la denne barken ut frå kai i Stavanger, på veg til Sør-Afrika - som Noregs første misjonsskip. Det

vart eit stort diskusjonstema om båten skulle forsikrast, men styret meinte at Gud var god forsikring! Og 12. juni ankra dei opp i Port Elisabeth i Sør-Afrika - før turen gjekk vidare til Durban. "Elieser" gjekk i 20 år som misjonsskip.

Men korleis kom "Elieser" til Time-kyrkja? Karsten Åsland hadde bygt fleire modellar av "Elieser", mellom anna til kyrkja på Vegårshei. Og sidan han er døypt og konfirmert i Time-kyrkja, hadde han lyst å gje dette skipet som gåve til si kyrkje. Idéen vart godt motteken av fellelrådet/soknerådet, og skipet kom på plass i den gamle kyrkja vår. Skipet kan



Denne vogga har Karsten laga til dei små i familien.



Her er detaljane små!



Kyrkjeskipet  
Elieser. Foto:  
Frode Skårland

minna oss om at me er seglarar  
på livsens hav - på veg mot vårt  
himmelske mål.

Nå er båtbyggjaren åleine i huset  
sitt, kona er på Bryneheimen.  
Dagane går til turar, lydbøker -  
og han følgjer med på TV med  
"kikkert-brillene" sine. Telefonen  
er òg god å ha for å halda kontakt  
med omverda og drøsa med slekt og  
vener.

Dersom du vil sjå nøyare på det fine  
kyrkjeskipet vårt, ser du det ekstra  
godt frå galleriet. Ta deg ein kikk  
neste gong du er i kyrkja!



Black Prince i  
gangen hos  
Karsten.

# Bibelord i kvardagsnorsk

I språket vårt har me mange ord og uttrykk som kjem frå Bibelen og den kristne trua. Her skal vi ta fram nokre av dei, og sjå på opphavet deira.

TEKST IVAR JOHANNESSEN

## Evt.

Året me lever i nå heiter 2024. Dette er vår tidsrekning, og i munnleg språk nyttar me berre talet 2024. I skriftspråk kan me sjå både 2024 e.Kr. og 2024 evt. Her kjem litt om bakgrunnen for desse forkortingane.

Som dei fleste veit, startar vår tidsrekning med Jesus sin fødselsdag. Det vil seia, vi veit ikkje heilt sikker når Jesus vart fødd, men Bibelen gjer oss ein del informasjon om kven som styrde i Palestina, og om ei folketeljing. Teologen Dionysius Exiguus, som levde i Roma på 500-talet, rekna seg fram til at det måtte ha skjedd 25. desember i året 753 etter grunnlegginga av Roma. Dette gjer at vi no har år 2024. Seinare forskarar trur han har rekna feil, og at Jesus i røynda vart fødd nokre år tidlegare. Men Dionysius si utrekning ga oss

altså vår tidsrekning, og difor skriv vi 2024 e.Kr., etter Kristus. Etter mange hundre år kom denne tidsrekninga også til Noreg. Det eldste brevet med datering etter denne tidsrekninga er eit brev datert 12. mars 1225.

Evt., kva er det? Det tyder «etter vår tidsrekning». Den gong KRL-faget (Kristendom, religion og livssyn) vart innført i grunnskulen, jobba ein med å finna livssynsnøytrale nemningar, og Språkrådet var med. Då vart «etter vår tidsrekning» og «før vår tidsrekning» innført. Men på Språkrådet sine heimesider kan me lesa at desse nemningane ikkje er vedtekne som obligatoriske. Om ein nyttar evt., vert altså tidsrekninga den same, berre at grunnlaget vert tilslørt. Og den som vil, kan fortsetja å nytta e.Kr. /f.Kr.

## Ny sokneprest i Undheim

**Nadine Vaagen (48 år) er tilsett som ny sokneprest i Undheim. Ho byrjar i stillinga 1. august, og skal ha si første gudsteneste i Undheim 18. august.**

TEKST: LARS SIGURD TJELLE

Nadine er fødd og oppvaksen i Tyskland, og flytta til Norge for rundt 16 år sidan. Ho tok presteutdanninga på Menighetsfakultetet i Oslo og vart ordinert i 2009. Ho har vore prest i Skien, Revetal i Vestfold, og er nå prostiprest i Sandnes, der ho hadde Ganddal kyrkjelyd som tenestestad dei tre første åra.

Ho bur på Sandnes med mann og to barn på 6 og 9 år.

Me ønskjer Nadine Vaagen hjarteleg velkommen til Undheim og Guds signing over arbeidet!



Nadine Vaagen. Foto: Otto Vålandsmyr.

**Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!**

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND


## August Jacobsens gate

August Jacobsen (1868-1955) var kunstmålar. Han var ein allsidig kunstnar som måla både landskapsbilete, interiør og portrett, i ulike stilartar.

Jacobsen var fødd i Stavanger, der faren dreiv ei fotoforretning. Som 16-åring vart han send til Tyskland for å ta fotografutdanning, og som 19-åring overtok han forretninga i Stavanger. Det var likevel kunstmålar han ville bli. Han kom i kontakt med Kitty Kielland og fleire av dei andre jærmålarane, og i 1893 overlet han fotoforretninga til broren og drog til Paris for å læra målararkunsten. Seinare studerte han også ein periode i København.

Alt i 1894 debuterte han på Statens høstutstilling. I 1900 fekk han bronsemedalje på verdsutstillinga i Paris for jærbiletet «Lørdagsdans på landeveien». August Jacobsen henta mange motiv frå Jæren og Stavanger, men også frå Sør- og Austlandet og frå Spania. Han var svært aktiv i dei første tiåra etter 1900, men trekte seg etter kvart meir tilbake.

Dei siste åra budde han hos dottera Else Wiig Sandve på Rosseland. Ho var gift med eventyraren og forretningsmannen Kristoffer Sandve («Trappen»).



Bilethoggaren Gustav Vigeland laga denne bysten av August Jacobsen. Den står i dag i Nasjonalmuseet.

August Jacobsens gate ligg på Rosseland, der han budde dei siste åra.



# BANKERS - BANDET SOM SPREIER LIVSGLEDE

Bankers syng med frimod og utstråling om fest, glede, dans og song. Livsglede kan sanneleg skapa god musikk!

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

**B**ankers er eit band med tilrettelagt undervisning for vaksne. Det er 13 medlemmer i gruppa og dei øver i aulaen på Bryne skule kvar måndag ettermiddag.

Bankers har spelt saman og gleda både seg sjølve og andre sidan 1993. Øystein Gundersen har vore med heilt frå starten og Helga Hamre har vore med i over 20 år.

Øvinga startar med song av Øystein og musikk ved alle dei andre. Glade tonar og mange smil.

Håvard syng med stor innleving "Love me tender" – her er det fritt fram for eigne songønskje!

"Her er det fest og glede, her er det dans og sang" vert framført med entusiasme.

I ein liten pause svarer dei på det Helgedagen lurar på. Bandmedlemmene er ivrige og svarer gjerne.

**Kva er det beste med Bankers, synst du?**

Drikka kaffi, eta kjeks og syngja, seier ein.

Bra å ha noko å brenna for, seier ein annan.

For meg er det beste at eg får dansa og syngja.

Gildt å vera her og kjekt å spela. Her opplever eg samhald og så likar eg å syngja.

Dette er vennene våre.

Ja, vi er som ein familie, seier ein av leiarane.

Her er alle greie med kvarandre. Me trøstar dei som er leie seg og gir mange gode klemmar.

Dei fleste synest det er kjekt å spela instrumentet sitt og veldig mange er glade i å syngja og nokre dansarar likar å svinga seg og på golvet – gjerne spontant. Fleire fortel at dei syng med seg sjølv heime. Mange ulike instrument kling i dette bandet: Xylofon, el-gitar, regnstav, bongotromme, keyboard, munnspele, piano, blokkfløyte, tromme

**Opplevingar utanom øvingane**

– Eg veit at de opptrer i Bryne kyrkje ca ein gong i året. Opptrer de andre stader?

Eg treng ikkje venta lenge på svaret! Dei nemner raskt andre arrangement dei er med på:

– Egersund Fyrfestival – ein årleg tur i mai

Me syng på torget i Egersund og overnattar på Grand

Hotell. Fin losji for fint folk! Ein tur alle ser fram til.

– Opptrer på Sivdamsenteret

– I år vitja me Hå-rock i januar

– Opptrer òg i Storstova

**Andre sosiale samkomer:**

Smilande og humrande fortel dei om besøk på Kinarestaurant som eit høgdepunkt før sommarferien. Julekos med pakkeleik, riskrem og julesongar framkallar gode minne og strålende smil.

Etter pausen svinga det verkeleg og songgleda er stor.

Sjølv om det er rom for improvisasjon, er det orden i rekkene. Alle veit kven som startar, kven som syng dei ulike versa og har solospel innimellom.

Dei syng høgt og klart om "Kjærligheten som overvinner alt,



Reidun svingar seg lett i dansen .



Fire glade damer.



Bak frå venstre Astrid, Amalie, Inge, Håvard, Tom, Framme Petter, Cecilie, Reidun, Helga.



Amalie – Bankers sin blide Trommis.

hatet smelter ned” og “Jeg vil velge livet! Jeg vil velge kjærlighet!”

### Hjelpsame og oppmerksame

Omsorg pregar fellesskapet.

Dei passar på kvarandre, ser kvarandre, og er raske med hjelp om nokon treng noko.

– Me er trygge på kvarandre har mykje humor, lått og løye, men kan òg gråta saman.

### Kaffikos høyrer med

Ikkje alle drikk kaffi, men alle set seg ned i trappene i aulaen og drøsen går. Litt påskesnakk er det òg rom for.

– Hatt fri, gått på tur, vore på

besøk, vore på bilmesse

Amalie har hatt bursdag - og dermed kjem bursdagssongen automatisk

### – Kva synst de om leiarane då - Torill Bøylestad og Kari Kaald Reiten?

– Svært einstemmig: Fantastiske, greie, hjelpsame, koselege, flinke til å leia oss!

### Avslutning

“Gi meg handa di ven når det kveldar”

Ein av musikarane gir tilskodarane ei oppfordring:

– De må finna fram lommeørkle og tørka tårene!

Helga spelar såre, vare tonar på munnspele som intro, xylofon er òg eit fint musikkfølge. Så syng Inge med si klare, lyse stemme med innleving. Reidun dansar med tyll rundt seg.

Improvisasjon til slutt og så dansande, ryddande musikkarar. Tenk å få rydda til musikk!

Helgedagen takkar Øystein Gundersen, Petter Tysse, Reidun Heskje, Silje Dirdal, Tom Hareland, Håvard Lye, Inge Hareland, Cecilie Guddal, Helga Hamre, Astrid Røthing. Amalie Kristiansen Aske og leiarane Torill Bøylestad og Kari Kaald Reiten. Takk for fin musikkoppleving og for å bli inkludert i dette varme fellesskapet!



Silje, Tom og Inge i livleg samspel.



Øystein, Torill og Kari.

Kveldsgudsteneste-serie i Brynekyrkja hausten 2024:

## Korsvei i krisetider!

STEIN ØDEGÅRD



Mange ber på djup uro for tida. Kveldsgudstenester i haust ønskjer å ta dette på alvor og vera ei kyrkje som løftar folk opp. Gje mot i mismot. Gje håp og meining inn i litt av det som mange ber på uro for, i ei polarisert tid, med aukande vald, krig og kriser som legg seg oppå kvarandre. Dela inspirasjon frå bibeltekstar som Jeremia 29.11 om framtid og håp, og frå 2.Tim.1,7: «Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus, men ei ånd som gjev kraft og kjærleik og visdom.»

Konkret ønskjer me å byggja serien rundt dei 4 vegvisarane som Stiftelsen Korsvei byggjer på, for å følgja Jesus Kristus: Byggja fellesskap – søkja Jesus Kristus – leva enklare – fremja rettferd.

Mange frå Bryne har vore deltakarar på dugnadsfellesskapet Korsvei i Seljord annankvar sommar. Heidi Strand Harboe gjev oss inspirasjon frå dette på første kveld i august. Erfaringar med å byggja fellesskap på Korsvei og i lys av Korsveierfaringar. Me møter også Torvald Hadland i oktober. Han er bonde på Hadland og sentral i Jorddøgnfestivalen som Brynekyrkja samarbeidar med i haust. Og me får eit møte med Just Salvesen som er

sokneprest i Klepp. Alle kveldane har god musikk som passar til tema.

### Her er programmet:

#### 25.august

Byggja fellesskap  
Heidi Strand Harboe, om Korsveifellesskapet  
Taizémusikk

#### 13.oktober

Leva enklare og fremja rettferd  
Torvald Hadland, sosialpedagogisk bonde  
Musikk: John Josefsen og Per Olav Egeland

#### 24.november:

Søkja Jesus Kristus  
Just Salvesen, sokneprest i Klepp  
Musikk: Silje Sandanger

Velkommen til kveldsgudstenester med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring.

## Velkommen til Open-kyrkje-kafé

Måndagane:

**2. sept., 23. sept. og 21. okt.**

kl. 18:00-20:00

**Stad: Kyrkjestova i Bryne kyrkje**



Me opnar opp kyrkjestova i kjellaren i Brynekyrkja til open-kyrkje-kafé. Med dette inviterer me til ein triveleg møteplass der ein kan få seg ein kopp kaffi og noko enkelt å eta. Kom gjerne innom dersom du synest dette høyrst gildt ut, og ta gjerne med deg fleire.

Kanskje treff du nokon nye folk?



Arrangør: *Diakoniutvalet i Brynekyrkja*

# VELKOMMEN

## MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet  
og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
pyntegenstandar, hagereskapar og anna.  
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

#### Opningstider 1. juli - 10. august:

måndag-fredag 12.00-17.00, laurdag 11.00-15.00  
telefon 400 37 151



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter  
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken  
og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".  
Vi har slutta med møblar.  
Telefon 922 09 638

#### Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

# Bibel- kveldane 2024

Bibelkveldane er eit trusopplæringstiltak for vaksne. Temaet for årets bibelkveldar er «Det skjedde i dei dagar...» - Det nye testamentets samtid.

Dato: 15.10, 29.10 og 12.11.  
Møtetid: Kl. 19.00 til 21.15.  
Det vert to innlegg kvar kveld og høve til å stilla spørsmål.

## 15. oktober

Foredragshaldar:  
Jarle Stormark

Tema:  
«Det heilage landet» som ein del av Romarriket  
Geografisk oversikt over Jesu verksemd

## 29. oktober

Foredragshaldar:  
Fartein Valen-Sendstad

Tema:  
Galilea på Jesu tid  
Jerusalem på Jesu tid

## 12. november

Foredragshaldar:  
Arne Berge

Tema:  
Ulike retningar i jødedomen på Jesu tid  
Paulus si verksemd



Me ønskjer å invitere deg til:

# Torsdagstreff i Bryne kyrkje



## Program hausten 2024:

- 19. september** Kåseri v/Erik Eidsvig  
Tema: «Rotur frå Nordkapp til Lindesnes»  
Matsservering, songstund og andakt
- 17. oktober** Kåseri v/Marit Rommetveit Staveland  
Tema: «Utdrag frå mor sine dagbøker under 2. verdenskrig»  
Utlodning  
Matsservering, songstund og andakt
- 21. november** Kåseri v/Njål Underhaug  
Tema: «Oppvekst i Bryne»  
Matsservering, songstund og andakt

Samlingane er kl. 14:30- 16:30.

## Alle velkommen

Lurar du på noko er du velkommen til å ta kontakt.



## Lyefjell forsamlingshus

19. oktober

Velkommen til Misjonskafé  
med lotteri. Arr. NMS-  
forening Lye

Meir info i neste Helgedagen



## Fredagskveld på Kyrkjetoget Time kyrkje

30. august kl. 19.30-21.30  
(obs ny tid)

Kveldens gjester:  
Fredagskveldkomiteen  
Vigdis, Tore og Oddny  
Kjell Tore Hareland spelar  
euphonium

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er  
samlingar med tid til drøs, uformelt  
program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat  
kvar som me set på fellesbordet.  
Komiteen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomiteén

## KONFIRMAN\*

### No er det 2010-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid i Bryne, Time og  
Undheim kyrkje. Dei framtidige konfirmantane har mykje  
å glede seg til. Påmeldinga startar snart.

I konfirmasjonstida får unge lære mykje spennande om seg sjølv,  
om tru, om Gud og den verda ein er ein del av. Dei kan også glede  
seg til å bli ein del av eit fellesskap. Høgdepunktet for  
konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkeleg festdag.

Konfirmasjonsdator i 2025: Bryne kyrkje: 26.04, 27.04, 10.05,  
Time kyrkje: 04.05, Undheim kyrkje: 11.05

Påmelding: Gå inn på [www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no) og fyll ut skjema  
under fana "Konfirmant 2025". Påmeldinga opnar 18.05 kl 12.00,  
påmeldingsfrist er 23.06.

Finn mer informasjon på  
[www.timekyrkjene.no](http://www.timekyrkjene.no) og  
[www.kirken.no/konfirmasjon](http://www.kirken.no/konfirmasjon)

 **DEN NORSKE KIRKE**  
Bryne, Time og Undheim kyrkjelydar



TEKST &amp; FOTO: ROLF HESKESTAD

## TUNBALDERBRÅ

Tunbalderbrå er ein typisk representant for det folk flest kallar ugras. Han er vanleg å finna i gardsrom og i åkeren. Ein kan vel ikkje seia at denne planten er ein fryd for auga. Sjølv blomen er ein gulgrøn liten klump. Det er liksom noko som manglar. Ja, blomen manglar rett og slett kronblad. Tenk kor fin han hadde vore med kvite eller gule kronblad! Det er slik vi kjenner dei nære slektingane i korgblomfamilien.

Tunbladerbrå er ein forholdsvis ny art her hos oss. Planten kjem opprinneleg frå Aust-Asia, kom til Norge ca 1850, og har spreidd seg med stor kraft.

Plukkar eller lukar du denne planten, vil du straks kunne kjenna ei svært karakteristisk lukt. Denne lite omtykte blomen ber på ein løyndom; han kan estast med velbehag!. På engelsk heiter tunbalderbrå



“pineapple weed” fordi han har smak som liknar på smaken av ananas. Blomen kan ein bruka som han er i t.d. salat. Er det ikkje fint at eit såkalla ugras kan vera ein ressurs!

## Hjernetrim

### Helgekryssord 3/24



LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

#### Vassrett

- |                               |                                |
|-------------------------------|--------------------------------|
| 1. Omdømme Salomos ordtøke 22 | 5. Landskap                    |
| 15. Naboar                    | 6. Ha kjensle av               |
| 16. Svært sterk vind          | 7. Langdistanseløp             |
| 17. Pulsåre                   | 8. Byggar av arken             |
| 19. Under båten               | 9. Materiale med asbest        |
| 20. Preposisjon               | 10. Morene                     |
| 21. Godta                     | 11. Stor innsjø                |
| 23. Påliteleg                 | 12. Økonomisk samarbeidsavtale |
| 25. Ta til seg mat            | 13. Spring                     |
| 26. Bror av Maria (NT)        | 14. Del                        |
| 29. Uro                       | 18. Nabobokstavar              |
| 31. Temmer                    | 19. Mineral                    |
| 33. Assistanse                | 22. Likt begge vegar           |
| 35. Korrekt                   | 24. Tukt                       |
| 36. Varmestråling             | 27. Oppdrett                   |
| 40. Verdsdel                  | 28. Trussamfunn                |
| 44. Legemiddel                | 30. Spreier                    |
| 46. Munn                      | 31. Av same slag               |
| 47. Tanke                     | 32. Fleipete                   |
| 48. Merkeleg                  | 33. Bustad                     |
| 49. Vanskeleg oppgåve         | 34. Kampsport                  |
| 50. Stjerneskot               | 37. Dempe                      |
|                               | 38. Bror til Moses             |
|                               | 39. To like                    |
|                               | 41. Møde                       |
|                               | 42. Matrett                    |
|                               | 43. Merke                      |
|                               | 45. Bibeldel                   |
|                               | 50. Sjukdom                    |
|                               | 51. Tone                       |

#### Loddrett

- |                  |             |                  |        |
|------------------|-------------|------------------|--------|
| 1. Heilagt beger | 2. Avfallet | 3. Lage skråning | 4. Tal |
|------------------|-------------|------------------|--------|





# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

## Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:  
– Kvifor er det så mørkt her?  
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?  
Ho la berre kokte egg.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

## Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli





Dåp

## Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på [time-kyrkja.no](http://time-kyrkja.no).



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

## Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne


Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: [marit.hetland@timekyrkja.no](mailto:marit.hetland@timekyrkja.no)  
Diakon i Time og Undheim: [praxedes.slettebo@timekyrkja.no](mailto:praxedes.slettebo@timekyrkja.no)  
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

## Lys på gravene

Å setja lys på gravene til våre kjære er ein fin tradisjon. Det er flott å gå på gravplassen å sjå alle lysa som lyser opp og minner oss om dei som ikkje er blant oss lenger. Dessverre er det eit stort problem at dersom fuglane får tak i desse lysa, kan dei ta dei med seg og sleppa dei frå seg på markene rundt omkring. Dette fører igjen til at metallbitar frå lysa kan koma i fôret til dyra og føra til store lidningar og i verste fall avliving/ død. Alle lys skal derfor stå i lukka lykter for å hindra fuglane i å få tak i dei.

*Gravplassforvaltinga i Time*





## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

- 25.02.2024 Linus Thormodsæter  
Ola Hauge Gjermundnes  
Rikke Årsland  
Emilie Bjørheim Skåra  
Sofia Alexandra Sveinsvoll
- 09.03.2024 Adelaide Lende Nicholls  
Annika Grøtte Sivertsen  
Aurelia Skår Håland  
Svein Surdal
- 24.03.24 Annabella Dahl Mathiesen

### TIME KYRKJE


- 04.02.24 Monica Aarek  
Luke-Sku-Valentino Aarek
- 10.03.24 Victor Hinna Wigen  
Tallak Solheim Bårseth
- 07.04.24 Gabriel Lodden Leidland  
Synne Hannah Fjeld

### UNDHEIM KYRKJE

- 17.03.24 Agate Skrudland Risa

### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER


- 18.02.24 Rakel Aileen Johnsen  
Orre kyrkje
- 25.02.24 Neo Haaland Dregva  
Klepp kyrkje
- 31.03.24 Mio Nese  
Sola kirke



## VIGDE

### BRYNE KYRKJE

- 14.02.24 Mari Janne Marthinsen &  
Trond Marthinsen
- 24.02.24 Ieva Velutyte & Valdemaras  
Alasevicius



## GRAVLAGDE

### Februar

- Jostein Netland  
Torleiv Eiane  
Dag Gunnar Glinda  
Hagbard Serigstad  
Tone Rasdal

### Mars

- Jan Mjelde  
Torleiv Sikveland  
Reidun Fosse Auglend  
Anny Torvund  
Frode Landro  
Nansy Pauline Ødegård  
Helge Madland  
Rannveig Torbjørg Horve

**Husk at gudstenester  
på sommaren startar kl 10.30!**

**NOVA**  
BEGRAVELSESBYRÅ

**51 61 04 00 - døgnvakt**  
[www.novabegravelse.no](http://www.novabegravelse.no)

Møyfrid  
Hersdal og  
Hanne Brit  
Sandsmark

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

*Aase*  
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

**24 TIMERS VAKTTELEFON**

**Vil du gi en gave  
til Normisjon?**

 normisjon

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis  
du vil den skal gå til noe  
spesielt.

**[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)**

<p><b>EiendomsMegler 1</b> JÆRMEGLEREN</p> <p>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p>	<p><b>Jæren Gulv AS</b> Maler- og gulvarbeid</p> <p>www.jaerengulv.com</p>	<p> <b>DEN NORSKE KYRKJA</b></p>
<p><b>EL-TEAM</b> Elektroentreprenør</p> <p> <b>elkonor</b></p> <p>Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p><b>ek</b> Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p> <b>Bogh Lafoe</b> BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
<p> <b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig</p>	<p><b>Byggelaget</b></p>	<p> <b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA www.reimeos.no - Tlf. 51 73 14 22</p>
<p> <b>DEN NORSKE KYRKJA</b></p>	<p> <b>Renovasjons- service as</b> Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	<p><b>haver</b>_____</p> <p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
<p> <b>PRIVATMEGLEREN</b> JÆREN</p> <p>Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>	<p><b>WACO</b></p> <p>Forsikringsmegling as</p>	
<p><b>REMA 1000</b></p> <p><b>Håland</b></p>	<p> <b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it</p>	<p> <b>Bryne Rør</b></p>

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon  
og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir mening.





Velkomen til  
gudsteneste



Skyss til gudstenesta  
Bryne kyrkje:  
Jonas Frøyland  
mob.nr. 41300468  
Ring før kl 10.00

## Søndag 9. juni

Undheim kyrkje 10:30  
Lye forsamlingshus 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## Søndag 16. juni

Bryne kyrkje 11:00  
Time kyrkje 11:00

## Søndag 23. juni

Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## Søndag 30. juni

Time kyrkje 10:30

## Søndag 7. juli

Bryne kyrkje 10:30

## Søndag 14. juli

Undheim kyrkje 10:30

## Søndag 21. juli

Bryne kyrkje 10:30

## Søndag 28. juli

Time kyrkje 10:30

## Søndag 4. august

Bryne kyrkje 10:30

## Søndag 11. august

Time kyrkje 10:30

## Søndag 18. august

Undheim kyrkje 10:30  
Lye forsamlingshus 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## Søndag 25. august

Bryne kyrkje 11:00  
Time kyrkje 11:00  
Bryne kyrkje 19:00

## Søndag 1. september

Lye forsamlingshus 10:30  
Undheim kyrkje 10:30  
Bryne kyrkje 11:00

## 3. søndag i treeiningstida

Gudsteneste  
Gudsteneste for store og små med dåp  
Familiefokus

## 4. søndag i treeiningstida

Gudsteneste  
Gudsteneste med dåp

## 5. søndag i treeiningstida

Gudsteneste  
Gudsteneste

## Aposteldagen/6. søndag i treeiningstida

Gudsteneste med nattverd

## 7. søndag i treeiningstida

Gudsteneste

## 8. søndag i treeiningstida

Gudsteneste

## 3. søndag i treeiningstida

Gudsteneste

## 10. søndag i treeiningstida

Gudsteneste med nattverd

## 11. søndag i treeiningstida

Gudsteneste

## 12. søndag i treeiningstida

Gudsteneste med dåp

## 13. søndag i treeiningstida

Gudsteneste  
Gudsteneste med dåp  
Gudsteneste

## Vingardssøndag/14. søndag i treeiningstida

Familiefokus  
Gudsteneste  
Kveldsgudsteneste

## 15. søndag i treeiningstida

Gudsteneste med dåp  
Gudsteneste  
Gudsteneste

## Joh 1,35-51

Nattverd  
Dåp, nattverd  
Nattverd

## Matt 16,24-27

Dåp, søndagsskule  
Dåp, søndagsskule

## Matt 7,21-29

Dåp  
Dåp, nattverd

## Matt 16,13-20

Dåp

## Luk 19,1-10

Dåp, nattverd

## Mark 12,37b-44

Dåp, nattverd

## Joh 8,2-11

Dåp, nattverd

## Matt 18,21-35

Nattverd

## Mark 2,23-28

Dåp, nattverd

## Luk 8,1-3

Dåp

## Luk 12,41-48

Nattverd  
Dåp, nattverd  
Dåp, søndagsskule

## Luk 17,7-10

Nattverd  
Nattverd

## Luk 10,38-42

Dåp  
Dåp  
Dåp, søndagsskule

# Velkomen til kyrkje

Følg med på [www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no) eller i jærbladet for oppdatert informasjon.



## Velkomen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta  
Bryne kyrkje:  
Jonas Frøyland  
mob.nr. 41300468  
Ring før kl 10.00

<b>Søndag 8. september</b>	<b>16. søndag i treeiningstida</b>	<b>Matt 5,10-12</b>
Bryne kyrkje 11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje 11:00	Gudsteneste	
<b>Søndag 15. september</b>	<b>17. søndag i treeiningstida</b>	<b>Luk 7,11-17</b>
Undheim kyrkje 10:30	Gudsteneste	Nattverd
Velkommen hjem 11:00	Fellesgudsteneste	
<b>Laurdag 21. september</b>	<b>Laurdag etter 17. søndag i treeiningstida</b>	<b>Luk 7,11-17</b>
Time kyrkje 12:30	Dåpsgudsteneste	Dåp
<b>Søndag 22. september</b>	<b>18. søndag i treeiningstida</b>	<b>Matt 8,5-13</b>
Bryne kyrkje 11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Time kyrkje 11:00	Gudsteneste	
<b>Søndag 29. september</b>	<b>19. søndag i treeiningstida</b>	<b>Joh 7,14-17</b>
Lye forsamlingshus 10:30	Gudsteneste	
Undheim kyrkje 10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje 11:00	Gudsteneste for store og små	Dåp



**Velkommen**  
11. - 15. september

Meld deg som frivillig:  
jon.torger@timekyrkja.no

Velkommen  
**HJEM**